

Hørings svar til Forslag til endringer i byggteknisk forskrift § 11-6 om brannsikkerhet og avstandskrav på campingplasser

Forslag til endringer i byggteknisk forskrift § 11-6 om brannsikkerhet og avstandskrav på campingplasser

24.04.2019

Dette høyringsvaret er sendt på vegne av fleire brannvesen knytt til NKF si nettverksgrupper for brannførebygging i Sogn og Fjordane. Dei ulike brannvesena er lista opp i dokumentet som er vedlagt.

Se vedlegg

- Høyringsuttale avstand på campingplassar TEK17.pdf
-

Høyringsuttale til «Brannsikkerhet og avstandskrav på campingplasser.

Endringer i TEK17 §11-6

Denne høyringsuttalen er skriva på vegne av NKF sitt nettverk for brannførebygging i Sogn og Fjordane. Følgjande brannvesen stiller seg bak denne uttalen:

- Førde brannvesen. Omfattar også Naustdal
- Flora brannvesen. Omfattar også Bremanger
- Sogn Brann IKS. Omfattar Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Luster.
- Fjaler brannvesen
- Jølster brannvesen
- Selje brannvesen
- Brannvesenet i Årdal og Lærdal
- Eid brannvesen
- Vågsøy brannvesen
- Gloppen brannvesen

Generelt

Etter gjennomgang av høyringsnotat datert den 15.03.2019, saksnummer 18/5790 meiner nettverksgruppa at det er gjort viktige grep i dei framlagte endringane for å trygge branntekniske tilhøve på campingplassane.

Likskap og lik tolking

Nettverksgruppa ser at behovet for lik tolking av regelverket er naudsynt. Regelendringa i framlegget vil bidra til felles forståing mellom drivarar av campingplassar, plan- og byggesaksmynde, og brannvesen på tilsyn. Dette kan gje ei meir einsretta tilsynsordning mellom ulike brannvesen, og ei tilrettelegging for samarbeid mellom brannvesen og byggesak.

Kommentarar til avstandskrava

Nettverksgruppa tenkjer det er positivt at det er gjort begrensingar i areal (75 m²) og volum (3,5 m høgde) for å skilje dei campingeingingane som framstår som større byggverk frå mindre campingeingingar. Vi ser og positivt på at avgrensing av områder (1200 m²) som samla utgjer ei omfattande brannlast blir halde fast som før. Det

Utfordringar

Nettverksgruppa ser at det for campingplassar i Sogn og Fjordane i stor grad vil bety ferre oppstillingsplassar enn før med auka avstand frå 3 til 4 meter mellom einingar, og ein utvida forståing av kva ei campingeinging er. Vi har lite omfang av store spikertelt slik at den reduserte avstanden frå 8 til 4 meter vil ha liten verknad i vårt område. Derimot vil avstand mot gjerde, platningar, fortelt og andre meir eller mindre permanente konstruksjonar gjere utslag.

For drivar av campingplassen vil dette vere av økonomisk betydning og vi vil nok møte på ønskje om lokale tilpassingar for å unngå nye krav. Det blir ei utfordring å legge vekt på dei nye krava, og ikkje brannvesenet sine egne vurderingar. Det er difor viktig at regelverket er tydeleg på virkeområdet for nye strengare bestemmelsar. Eventuelt rom for tilpassingar må vere tydeleg i forskriftsteksten eller i rettleiingar

etter prinsippet om «preaksepterte løysingar» slik vi kjenner elles frå TEK. Vidare må nye bestemmelsar gjerast kjente frå direktorata (DiBK og DSB) gjennom opplysningskampanjar og samarbeid med bransjeorganisasjonar.

Branntekniske fordelar

Dei endra reglane for kva som skal inngå i ei campingeining vil mest truleg gje ei meir konsistent forståing av avstandane mellom ulike einingar. Nettverksgruppa meiner dette vil vere positivt for å unngå hurtig brannspreiing på campingplassane, mellom anna avstandar mellom treplatningar og gjerde mot neste campingvogn eller -bil. Nokre av campingplassane i fylket vårt ligg relativt langt unna næraste brannstasjon og må i stor grad klare seg sjølv ei god stund før brannvesenet kan stille med ressursar.

Konklusjon

Nettverksgruppa for brannførebygging i Sogn og Fjordane støttar forskriftsendninga i TEK 17 §11-6.